



Johannes Hjørnevåg i JH Service ved avbalanseringsmaskinen har det travelt med dekkskifte og lagring.

Johannes Hjørnevåg driv JH Service sentralt i Uskedalen. Han driv dekkskifte, sal av dekk og har tilbod om dekkhotell. JH Service melder om overgang til ny leverandør. Det er Megahjul, dekk- og felgforhandlaren som dokumenterer dekkmerka sine med testar som kan etterprøvast.

Johannes Hjørnevåg tilbyr sommardekk med betre slitestyrke og lågare støy. Dette fører til god drivstofføkonomi og framifrå grep på vegen. JHService har gode tilbod på dekk og felgpakkar. Johannes hentar og leverer hjul på strekninga Løfallstrand - Valen utan ekstra kostnad. Han trur faktisk han har den lågaste prisen på dekk i Kvinnherad.

Dekkhottellet er utvida. I dag har han 50 hjulsett plassert i dekkhotell. Tilbodet med dekkhotell er glimrande for dei som ikkje har høve til å skifta dekk sjølve, også for dei som ikkje har plass heime for lagring. Prisen for dekkskifte 2 hjulsett, vask og lagring for eit år er kr. 800,-

Det er ikkje ventetid for å få utført dekkskifte, men avtal gjerne tid på førehand.
Mobil: 90553980

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal